

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus

4066 STAVANGER

MOTTATT
04. OKT 2016

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2010000405-25 Saksh: Harald Jordal Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2016016055 Telefon: 53 65 40 23 U00 03.10.2016

Høyringsuttale - merknader til rapport.

Det vert vist til prosjekt for Stord sjukehus, prosjektrapport juni 2016.

Som det går fram av rapporten gjeld den primært Stord sjukehus, men omhandlar også til ein viss grad Odda sjukehus.

Vi vil gjera særleg merksam på at på dette tidspunktet vart prosjektet kring Odda sjukehus utvida i tid og omfang. Noko kommunane sa seg samd i då ein ikkje var nøgd med prosessen. Og særleg missnøgd med at akutt-kirurgi i liten grad var gitt høve til å handsama grundig.

Først og fremst er det viktig å halda fram at prosjektprosessen ved Odda sjukehus ikkje er ferdig.

Samstundes gjorde vi det klart at dette må bety at ingen føringar vert lagt i Stord-rapporten for tilhøva ved Odda sjukehus.

Når vi les Stord-rapporten reagerer vi på at den inneheld mykje tekst, tal og informasjon om Odda sjukehus, som då ikkje er ferdigbehandla i rapporten om Odda sjukehus. Dette er uheldig. Denne informasjonen kan ikkje legga føringar, då prosjektet kring Odda sjukehus held fram. .

Det går fram at Stord sjukehus, Odda sjukehus og Haugesund sjukehus skal saman sikra eitt godt spesialisthelsetenestetilbod til befolkninga.

Prosjektorganisering: det går fram på side 5 at prosjektgruppene har same mandat. Dette er ikkje nødvendigvis lenger riktig. Det er ført til fleire nye mandat knytt til prosjektet kring Odda. Vi har oppfatta det slik at det skal gjerast eitt grundigare arbeid. Her stiller vi oss også kritiske til gamalt talmaterial som er med i rapporten. Dette burde vore oppdatert. Og vi arbeider no i prosjektgruppa med å sjå på fleire område der vi trur det er feil og utdatert talmaterial. Som ikkje bør danna grunnlag for vurderingar. Særleg fordi ein no held på med å finna oppdatert informasjon i Odda-prosjektet.

Vi oppfattar delar av innhaldet til å vera negative skildringar av Odda sjukehus. Dette er det ikkje grunnlag for. Og det er særleg uheldig sidan prosjektet om Odda sjukehus ikkje har bidrege i denne rapporten som er framlagt om Stord sjukehus. Den er i det heile nær uforandra etter at prosjekta

Eit levande kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51	Org.nr: 964 967 814	Telefon: 53 65 40 00
Opheimsgata 31	Bankgiro: 3201.50.24584	Telefaks: 53 65 40 51
	Innbetaling 6345.06.12288	Epost: epost@odda.kommune.no
	skatt:	

5750 ODDA

www.odda.kommune.no

skilde lag og skulle avsluttast på ulik tid. At dette vert lagt fram utan at Odda-prosjektet har handsama Stord-rapporten er svært uheldig. Og bidreg negativt. Då ville det vore naturleg å avslutta begge rapportane seinare. Det går også fram av rapporten at «Mangelfull registrering» kan vera forklarande ved Stord sjukehus.

Det er fleire saker som burde vore kommentert utan av vi skal ta for oss alle detaljar her. Primært må foretaket forhalda seg til rapporten om Odda-sjukehus for tilhøve her. T.d. burde det kome betre fram at pasientar i Kvinnherad nyttar Odda sjukehus. Det står at Eidfjord ikkje er ein del av Odda sjukehus sitt opptaksområde. Likevel går det andre stader fram at Eidfjord framleis er del av Helse Fonna sitt opptaksområde. Det er fleire pasientar frå Kvinnherad som nyttar Odda sjukehus, enn tilfellet ville vore frå Eidfjord. Særleg har Odda sjukehus ein viktig funksjon for Kvinnherad i akuttsituasjonar. T.d. var dette tilfelle for mesteparten av Kvinnherad under uværet «Tor.» I høve akuttkirurgi er reiseavstanden meir enn dobbel i Hardanger/Odda enn Stord-Haugesund. I tillegg kjem dårleg infrastruktur, værtilhøve, topografi, flytilhøve osb.

Det går fram at fødande frå Hardanger «føder i Haugesund eller på Stord.» Dette er i hovudsak Haugesund og Voss. Samt at nokre føder i Odda, eller på vegen grunna tidsnød/akutte situasjonar.


Tema som dødeligheit vert no handtert i Odda-rapporten og vil bli besvart der. Vidare har ein gamle tal på pasienterfaringar om Odda i Stordrapporten som ikkje er gjeldande. Her bør ein nytta oppdaterte tal.

Samstundes som ein ikkje skriv at Odda er best i Helse Fonna på pasientsikkerheit.

Det viktigaste er at desse indikatorane og statistikkane vert handtert i Odda-rapporten og ikkje i Stord-rapporten for det som gjeld Odda.

Vi forventar at det ovannevnte vert handtert i Odda-rapporten. Og stiller oss kritiske til at ein legg fram Stord-rapporten med mykje innhald om Odda sjukehus, utan at prosjektgruppa her har bidratt til dette. Det kan ikkje vera akseptabelt. Og ein bør sjå bort frå det til Odda sjukehus sin rapport føreligg.

Venleg helsing


Røald Aga Haug
Ordfører

Harald Jordal
kommunesekretær